



Kommuneplanen sin samfunnsdel  
Medverknad Rimbareid

# Prosess

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2040 er no under utvikling. Strategiane vi legg i kommuneplanen sin samfunnsdel vil verta førande for all anna kommunal planlegging.

Ordførar og rådmann i Fitjar kommune inviterer alle ungdomsskulelevane i Fitjar til dialog om korleis dei oppfattar sin eigen kvardag i Fitjar, og kva dei tenkjer om si eiga framtid. Kommuneplanen skal omhandla både strategiar for utvikling av lokalsamfunnet, og utvikling av dei kommunale tenestene. For begge formål treng vi ein god dialog ungdom for å få innsikt i kva dei tenkjer sjølv, og oppmoda dei til å vera aktive deltakarar i utviklinga av sitt lokalsamfunn.

Vi stiller ungdomsskuleelevane 5 følgjande spørsmål :

- Kva betyr ordet Fitjar for deg?
- Kva meiner du er det beste med Fitjar?
- Kva saknar du med Fitjar?
- Når du tenkjer på framtida di, kvar trur du at du vil bu?
- Kvifor trur du at du vil bu der?



Vi gjennomførte dialogen med ungdomsskuleelevane på Rimbareid skule 13.5.19.

Alle var samla i plenum og ordførar og rådmann leia prosessen. Elevane nytta mobilane sin til å gje svar på spørsmåla, som eit mentometer. Det danna seg umiddelbart ei ordsky på veggen etter kvart som svara kom. Dess større ord, dess fleire som har svart. Etter kvart spørsmål opna ein for synspunkt og innspel frå ungdommane.

Etter nokre seriøse innspel frå enkelte elevar i innleiande runde med svar, vart dette tatt opp. Deretter gjennomførte vi ein interessant medverknadsprosess med elevane.

Leiinga mottok også eit skriftleg innspel i etterkant som følgjer referatet. Innspela frå ungdomsskuleelevane vil verta nytta i utviklinga av ulike kapittel i kommuneplanen, og det kom fram konkrete idear som ein vil prøva å gjera noko med på kort sikt.











